



# Villreinnemnda for Nordfjella og Fjellheimen

Nordfjellarådet  
v. leiar Steinar Berthelsen  
Buskerud Fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
H17-9/18swb

Dato:  
28.05.2018

## Arealforvaltning i Nordfjella, frysing av regionalplanen

I samband med saneringa av Nordfjella sin nordlege del, sone 1, er det ofte trokke fram kor viktig det er å ta vare på areala i brakkleggingsperioden. Det er eit mål at område skal ha minst like gode tilhøve for rein som før saneringa tok til, når tida er moden for reetablering av delstamma.

I Nordfjellarådet og Hardangerviddarådet sitt felles møte 8. november på Hotel Ullensvang i Hardanger var det stor semje om at kommunane har eit stort ansvar for å oppretthalde ei arealforvalting som er i tråd med regionalplanen gjennom brakkleggingsperioden. Ein ser alle faren for at det skal gjerast inngrep eller skapast nye aktivitetar i fråvær av rein, som kan forringe nokre av areala.

Villreinnemnda, villreinutvalet, Miljødirektoratet, kommunepolitikarar og fylkespolitikarar har alle ytra seg til fordel for at retningslinene i Regionalplanen bør fylgjast som *om det skulle vore rein der*, men det er ikkje gjort nokon bestemmingar som bitt partane og forpliktar alle til å fylgje dette prinsippet.

Varigheita på brakkleggingsperioden er ikkje kjend, anslaget på 5 år er eit absolutt minimum, og metodeutvikling og kunnskapsbygging i komande 5-årsperiode vil forhåpentleg kunne fortelje oss kor lang tid ein i realiteten treng. Regionalplanen vil kunne kome til å verte rullert minst ein gong, og kanskje fleire gonger, før ein igjen kan innføre rein i sone 1. Innanfor perioden vil ein få skifte av politikarar og endringar i både fylker og kommunar. Nasjonal politisk styring vil også kunne endre seg. Det er enkelt i dag å få medhald i synspunktet om at området lyt reknast som «reinen sitt» i åra framover. Jo lengre tid det går fra sjølve saneringa jo meir vil presset frå andre interesser akue på. Og; jo lengre tid det går fra den opprivande nedslaktinga jo meir lyt prinsipp og planverk ta over for følelsane som rettesnor i rett og gal forvalting av desse areala.

I villreinnemnda sitt haustmøte 14. desember, sak H-17 9, drøfta villreinnemnda si eiga rolle i høve situasjonen skrantesjuka skaper i villreinområdet, og om det er tiltak som bør fylgjast opp av nemnda framover. Det var semje om å fokusere på fire hovudmoment: dyrevelferd, konkretisering av tiltaksplanar etter datoен 1. mai, ivaretaking av areala og gjenoppbygging av stamma. I samband med arbeidet for ivaretaking av areala vart det bestemt at villreinnemnda skal kome med ei oppmoding til Nordfjellarådet om å ta ansvar for arealforvaltinga, og fryse regionalplanen i brakkleggingsperioden.

Villreinnemnda bed dagens kommune- og fylkespolitikarar om tryggleik for at regionalplanen ikkje vert mildare i forma i høve inngrep og aktivitetar innanfor villreinområdet innanfor brakkleggingsperioden. **Me oppmodar med dette Nordfjellarådet om å gjere dei mest vesentlege retningslinene i Regionalplan for Nordfjella med Raudafjell bindande innanfor brakkleggingsperioden, uavhengig av kor lang denne vert. Me vil og be om at bestemmingane i dagens plan vert frose i same periode.**

Med helsing Nordfjella og Fjellheimen villreinnemnd

Trygve Skjerdal  
konstituert leiar

Siri Wølneberg Bøthun  
sekretariat

Kopi pr. e-post til postmottaket i:

Aurland kommune; post@aurland.kommune.no  
Lærdal kommune; postmottak@laerdal.kommune.no  
Hol kommune; postmottak@hol.kommune.no  
Hemsedal kommune; postmottak@hemsedal.kommune.no  
Ulvik herad; postmottak@ulvik.kommune.no  
Ål kommune; postmottak@aal.kommune.no  
Sogn og Fjordane Fylkeskommune; 'post@sfj.no  
Buskerud Fylkeskommune; postmottak@bfk.no  
Hordaland Fylkeskommune; hfk@hfk.no  
Villreinutvalet for Nordfjella; aurland@fjellstyrene.no  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane; fmsfpost@fylkesmannen.no  
Fylkesmannen i Hordaland; fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
Fylkesmannen i Buskerud; fmbupost@fylkesmannen.no  
Miljødirektoratet; post@miljodir.no  
Sekretariatet for Nordfjellarådet; ellen.korvald@bfk.no